



# Sint



- **Sjå på denne jenta her, kva slags følelse trur de ho har?**  
(Ja, ho er sint. Akkurat som den rauden figuren var.)
- **Kva trur de har skjedd som gjorde at ho blei så sint?**  
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov. Kanskje eit anna barn tok frå ho ei leike? Kanskje ho ikkje fekk lov til å leike med malinga akkurat når ho hadde lyst? Kanskje nokon sa noko slemt? Kanskje nokon var urettferdig?)
- **Kva trur de jenta har lyst til no?**  
(La barna kome med forslag, men hjelp til ved behov. Kanskje har ho lyst til å trampe litt i golvet, eller seie med høg stemme at ho er sint? Barn kan også få lyst å slå, sparke, lugge eller knipe når ein er sint, - men det er ikkje lov å gjere. Men det er både lurt og lov å seie frå med orda sine, og det er lov å trampe i golvet også!).
- **Kva trur de dei vaksne i barnehagen kan gjere slik at jenta føler seg litt betre, og likevel syns at det er greitt å kjenne seg sint?**  
(Den vaksne kan setje seg på huk og seie «no ser eg at du vart sint, eg forstår godt at du blei sint når det blei slik! Kan vi gjere noko saman for at det skal bli betre?»)

## Til dei eldste barna:

- **Kva trur de jenta tenker på?**  
(La barna kome med døme, hjelp til ved behov. Kanskje ho tenker at det var dårleg gjort eller urettferdig at det andre barnet tok leika hennar? Når vi er sinte tenker vi ofte sinte tankar, og ofte gjer dei det enda verre. Kanskje tenker ho at andre er dumme med ho med vilje for å vere slemme?)
- **Finst det ulike måtar å vere sint på?**  
(Nokon blir veldig sinte utanpå, medan andre blir mest sinte inni seg. Av og til kan det kome gråt og tårer når ein er sint, andre gongar kjem det ingenting. Nokon vil gjerne rope og trampe når dei er sinte, andre ser heilt rolege ut utanpå kroppen sjølv om dei har masse sinne inni seg. Husk: det er alltid lov å bli sint og å vise det, men det er ikkje greitt å øydeleggje ting eller vere slem med andre.)